



Olaf Agnar Gausvik hadde all grunn til å smila onsdag - mange hadde lovord om boka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Olaf Agnar Gausvik selde boka si om uskedelingen Gustav Bergstø på SPAR onsdag. På dei første tre timane hadde 40 sikra seg soga om det mangfaldige livet til mannen som diverre ikkje skulle få oppleva å lesa om seg sjølv mellom to permar.

Det vart ei triveleg salsstund, for mange hadde kommentarar og supplerande minne å koma med. Ikkje alle var einige om alle detaljar.

- Men slik er det alltid, for historia og historiene lever vidare og utviklar seg, sa forfattaren som har trykt 300 eksemplar. Boka er gjeve ut på Setesdalsforlaget, som blir dreve av forlagsveteranen Ånund Homme i Valle. Han har vore fødselshjelpar for mange som har gått svanger med ein forfattar.

Olaf Agnar har naturleg nok lagt att nokre bøker i Sunndal og gjer det same på Husnes. Men han reknar med at hovudsålet vil skje her i Uskedalen og han blir å finna på SPAR også om fredagen.

- "Gustaven og dei siste mohikanarane" er da også ei bok som er skreve for eit lokalt publikum, seier Olaf Agnar, som strekar under at denne oppgåva har vore svært lystbetont. Men no kjenner han seg tom og veit ikkje kva som blir det neste.

Han har med boka reist eit verdig minne om ein svært spesiell mann. Men ho er, som han sjølv skriv i føreordet, ikkje ein biografi om heidersmannen. Nei, det er "Gustaven slik vi såg og opplevde han då han stod fram for oss som mannen som kunne finna løysingar på alle problem ved hjelp av dynamitt, tankekraft og godt handalag, og setja ut i livet prosjekt som vi ikkje hadde fantasi nok til å fatta omfanget av".

Under arbeidet med boka har Gausvik i høgste grad fått stadfesta Gustavens pioner-status på ymse felt, til dømes som det norske lakse-eventyrets far, produsent av aluminiumsbåtar eller for tråling etter raudåte.

Boka inneheld også forteljingar om hendingar Olaf Agnar høyrde om eller såg på nært hald i dei åra han som vaksen budde i næraste grannelaget til Gustaven. Endeleg er det avisoppslaga han fekk, lesarbreva hans og alle forteljingane som kom flytande på ei fjøl etter at bokprosjektet vart kjend.

Knut Ragnar Gausvik i Edmonton, Canada har summert opp sine inntrykk slik for forfattaren:
" Gustaven hadde alltid store planar, nokre meir realistiske enn andre, men det han gjorde var alltid med tanke på andre, spesielt ungdomen, ikkje på seg sjølv. Han trudde fast på at ingen trong å gå arbeidslause eller matlause her på jorda dersom dei hadde lært å arbeida med hendene"

- Du kjem vel til å tene gode pengar på Gustaven, Olaf Agnar?
- Nei, dette skal vera eit prosjekt i balanse. Eg hadde eit heilt spesielt forhold til han og synest at eg skyldar han dette.

Av Ola Matti Mathisen



Olaf Agnar møtte fleire av dei 35 informantane sine onsdag og ein av dei var Alf Eidsvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)